



INNKALLING TIL MØTE I RÅDMANNSFORUM

Dato: Torsdag 11.09.2025

Klokka 13:00 - 15.00

Stad: Digitalt

Møteplan 2025 for Rådmannsforum, godkjent 28.01.2025.

Agenda:

- | | |
|---------------|---|
| 13.00 - 14.00 | Rådmannsforum sakshandsaming |
| 14:00 - 14:15 | RF Sak 29/25 Presentasjon med spørsmålsrunde ved Margit Lund-Mikkelsen frå Visit Hardangerfjord |
| 14:15 - 15:00 | Rådmannsforum sakshandsaming forts. |

Saker til handsaming:

RF-sak 24/25 Innkalling og sakliste

RF-sak 25/25 Godkjenning av møtebok frå fellesmøte HR og RF
Referat frå Fellesmøte Rådmannsforum og Hardangerrådet 05.06.2025

RF-sak 26/25 Meldingar

1. [Høyring og offentleg ettersyn av planprogram for regional plan for areal og mobilitet i Vestland](#). Frist for uttale til planprogrammet 10 oktober 2025
2. [Frå Hovedutvalet for samferdsel og mobilitet 27.08.2025](#)
 - a. Oppdatering av oversiktene over skredpunkt på riks- og fylkesvegane
NB: Ny regnemodell for skredfaktor
 - b. Rutetilbud for ferjer - utgreiing av behov i forkant av nye kontrakter frå 2030
3. [Verdiskapningsanalyse per region og kommune](#)
Bestilling av rapport for kommunane i Hardangerrådet samla

RF-sak 27/25 Orienteringssaker

1. Orientering om prosjektet Fjernarbeid v/adm *Rapport fase 2 Kva no?*
2. Orientering om Turistbåtruta:finansiering 2026 og vegen vidare i 2027
3. Orientering om Hardangerkonferansen 2025
4. Orientering om Fjordvegen Riksveg 13
5. Markering friluftslivets år den 30. september 2025
6. Orientering om Hardanger og Voss Ungdomsråd



Hardangerrådet iks



- RF-sak 28/25 Forankring felles prosjekt**
Forvaltningsplan Hardangangerfjord inn i budsjettprosessane
- RF-sak 29/25 Søknad om tilskot sertifisering Hardanger som berekraftig reisemål**
Presentasjon med spørsmålsrunde ved Margit Lund-Mikkelsen frå Visit Hardangerfjord
- RF-sak 30/25 Besøksbidrag i Hardangerkommunane.**
Felles forskrift Hardanger lik sak som til Hardangerrådet
- RF-sak 31/25 Skjønsmidler 2026**
Invitasjon frå Statsforvaltar Vestland
- RF-sak 32/25 Saker som kjem til.**

Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 48954550 Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Kinsarvik 04.09.2025

Magnus Steigedal /s
Leiar Rådmannsforum

Ann Irene Myrheim
dagleg leiar



Hardangerrådet iks



Hardanger

MØTEBOK Fellesmøte Hardangerrådet og Rådmannsforum

Dato: Torsdag 05.06.2025
Klokka: 09.00-15.00
Stad: Fossehuset, Kvam herad

Til stades:

Eidfjord kommune: Ordførar Timo Knoch - rådsordførar og rådmann Magnus Steigedal

Kvam herad: Ordførar Torgeir Næss - rådmann Anita Hesthammer

Ullensvang kommune: Ordførar Roald Aga Haug - og rådmann Ole-Jørgen Jondahl

Ulvik herad: Ordførar Jens Olav Holven - og kommunedirektør Tore Hopperstasd

Hardangerrådet iks: Dagleg leiar Ann Irene Myrheim og konsulent Trude L. Rinaldo

HR-RF sak 16/25 Innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling godkjent slik den ligg føre.

HR-RF sak 17/25 Godkjenning av møtebok frå Rådsmøte og Rådmannsforum 23.04.2025

Vedtak:

Møteboka fra 23.04.25 er godkjent slik den ligg føre.

HR-RF sak 18/25 Meldingar

1. Våre søknader til Sparebankestiftinga Hardanger
2. Fjordvegen Rv 13 - stillingsutlysing

Vedtak:

Rådet tek meldingane til vitande

HR-RF sak 19/25 Orienteringssaker

1. Turistbåtruta
2. Opning Hardanger Tingrett
3. Synfaring og mini seminar med Nasjonal Rassikringgruppe 25. - 26. juni 2025

Vedtak:

Rådet tek orienteringane til vitande

HR - RF sak 20/25 Felles forvaltningsplan Hardangerfjorden

Vedtak:

Kommunane i Hardanger utset å gjennomføra planarbeid for ein felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden. Kommunane har per i dag ikkje kapasitet til å setja av dedikerte ressursar, og kan såleis ikkje gjennomføra prosjektet på noverande tidspunkt.

Me søker Statsforvaltar om utsetting av midlane til 2026, i påvente av avklaring i kommunane om midlar og personalressursar til arbeidet, jfr. budsjett for 2026

HR- RF sak 21/25 Strategi og handlingsplan

Fokusområde administrasjonen skal arbeida vidare med i strategi og handlingsplanen 2025 -2028, utanom administrative oppgåver.

1. Tilflytting og rekruttering
2. Bustadsituasjonen
3. Samferdsel, vegar og rassikring. Spesielt mellom kommunane.
4. Utdanning og arbeidskraft fagskulen
5. Konesjonskraft til utviklingsmidlar i Hardanger
6. Felles plattform og samordna planarbeid.

Plankompetanse er mangelvare i kommunane i dag. Kan me søkja om midlar til felles tiltak (besøkja f.eks høgskulen i Sogndal/Bergen for å møte studentar)

Fjernarbeid skal konkretiserast i pilot

Vedtak:

Ny strategi og handlingsplan for Hardangerrådet skal vera klar til vedtak ved årskiftet.

HR-RF sak 22/25 Møteplan Hausten 2025

Eidfjord har måndag som møtedag

Ulvik har onsdag som møtedag

Kvam har torsdag som møtedag

Ullensvang har onsdag (KST) og torsdag (FSK) som møtedagar

Vedtak:

Oppdatert Møteplan Haust 2025

2025	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Sept	Okt.	Nov.	Des.
Regionrådet/ Representant - skapet		Onsdag 12. Kvam		Torsdag 24. Ullensvang Årsmøte		Torsdag 5. Kvam fellesmøte	Torsdag 18. Eidfjord	Fredag 24. Ulvik		Fredag 12. Ullensvang fellesmøte
Rådmanns forum	Tirsdag 28. Odda			Onsdag 23. Digitalt		Torsdag 5. fellesmøte	Torsdag 11. Digital	Mandag 20. Digitalt		Fredag 12. fellesmøte

Kl. 12:30 - 15:15 var det presentasjonar med;

- Investeringsfondet Hardanger og Voss m/Per Berge
- Erfaringsdeling Merkesertifisering m/Hilde Eide Helland, Visit Sunnhordland
- Ny regional reiselivsstrategi for Hardanger m/Margit Lund-Mikkelsen, VHF og Torill Olsson, Mimir
- Framtidsfylke m/Linda Hovland (digitalt)
- Pilot; Inkluderingsprosjekt / arbeidsintegrering m/Sarifa Moola-Nernæs, Grannehjelpen Kvam

HR-RF sak 23/25 Saker som kjem til.

Ingen saker

Møteboka godkjent 05.06.2025

Timo Knoch
Rådsordfører

Magnus Steigeland
Leiar Rådmannsforum

Ann Irene Myrheim
Dagleg leiar/referent



Hardanger

Møtedato 11.09.2025

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

RF-sak 26/25 Meldingar

Saker til orientering:

1. [Høyring og offentlig ettersyn av planprogram for regional plan for areal og mobilitet i Vestland](#), Frist for uttale til planprogrammet 10 oktober 2025
2. [Frå Hovudutvalet for samferdsel og mobilitet den 27.08.2025](#)
 - a. Oppdatering av oversiktene over skredpunkt på riks- og fylkesvegar
NB: Ny regnemodell for skredfaktor
 - b. Rutetilbud for ferjer - utgreiing av behov i forkant av nye kontrakter frå 2030
3. [Verdiskapningsanalyse per region og kommune](#)
Bestilling av rapport for kommunane i Hardangerrådet samla

Framlegg til vedtak:

Rådet tek meldingar til vitande



Hardanger

Møtedato 11.09.2025

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

RF-sak 27/25 Orienteringssaker

Saker til orientering:

1. Orientering om prosjektet Fjernarbeid v/adm *Rapport fase 2 Kva no?*
2. Orientering om Turistbåtruta: finansiering 2026 og vegen vidare i 2027
3. Orientering om Hardangerkonferansen 2025
4. Orientering om Fjordvegen Riksveg 13
5. Markering av Friluftslivets år den 30. september 2025
6. Orientering om Hardanger og Voss Ungdomsråd

Framlegg til vedtak:

Rådet tek orienteringane til vitande



Møtedato 11.09.2025

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

RF-sak 28/25 Forankring felles prosjekt

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak:

Bakgrunn for saka:

Hovudoppgåva til Hardangerrådet er å byggja ein sterk region gjennom samhandling, løysingar og nettverk på tvers av kommunane. Slike samarbeid bidreg til berekraftig utvikling og styrking av regionen.

Felles prosjekt krev ressursar frå kommunane, og desse må setjast av gjennom budsjettbehandlingane.

Hardangerrådet har tidlegare måtta setja arbeidet med ein felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden på vent på grunn av manglande ressursar i kommunane.

Det er eit mål å finna moglege løysingar som kan trygga gjennomføringa av felles prosjekt framover.

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

Selskapsavtale til Hardangerrådet iks
Overordna strategiplan Hardangerrådet for 2021 - 2024

Saksopplysningar:

Hardangerrådet understrekar at samarbeid på tvers av kommunane er avgjerande for å sikra ei berekraftig utvikling og styrking av regionen.

For å kunna gjennomføra felles prosjekt som **forvaltningsplan for Hardangerfjorden, felles reiselivsstrategi, sertifisering som berekraftig reisemål og arbeid med besøksbidrag**, må kommunane setja av tilstrekkelege ressursar i budsjetta.

Hardangerrådet ber kommunane vurdere korleis ein kan finna løysingar som tryggjer framdrift i desse og tilsvarande prosjekta framover.



Hardanger

Møtedato 11.09.2025

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

RF-sak 29/25 Søknad om tilskot til sertifisering av Hardanger som berekraftig reisemål til drøftig i Hardangerrådet

Framlegg til vedtak:

1. Rådmannsforum sluttar seg til oppstart av sertifiseringsprosessen for Hardanger som berekraftig reisemål etter Innovasjon Norge si merkeordning.
2. Rådmannsforum oppmodar kommunane om å løyve midlar og dedikerte ressursar i tråd med saksframlegget.
3. Rådmenna får fullmakt til å inngå samarbeidsavtale mellom Hardangerkommunane og Visit Hardangerfjord om gjennomføring av prosjektet.

Bakgrunn for saka:

Hardangerrådet har bede om og ønskjer at Hardanger vert sertifisert som Berekraftig Reisemål etter standard frå Innovasjon Norge.
Visit Hardangerfjord er prosjekteigar og skal leiar arbeidet.

Saksvedlegg:

Vedlegg 1: Saksutgreiing sendt til Eidfjord (Likelydande sendt til dei 4 Hardangerkommunane)
Vedlegg 2: Søknad sendt til Eidfjord (Likelydande sendt til dei 4 Hardangerkommunane)

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

Her kan du lesa: [Link til kriteriar for sertifiseringa](#)

Saksopplysningar:

Hardangerrådet IKS ønskjer at Hardanger vert sertifisert som *Berekraftig reisemål* etter standarden frå Innovasjon Norge.

Visit Hardangerfjord er prosjekteigar og prosjektleiar for arbeidet. For å oppnå sertifisering må kvar av dei fire kommunane bidra både med økonomiske midlar og med personressursar. Dette er avgjerande for at planar, tiltak og kompetanse skal verte godt integrerte og forankra – både i dag og i framtida.

Prosjektet er planlagt over to år og vil føre fram til sjølve sertifiseringa. Samstundes er det viktig å understreke at statusen *Berekraftig reisemål* ikkje er eit sluttpunkt, men byrjinga på eit kontinuerleg arbeid. Nettopp derfor er det ein stor styrke at dette vert gjennomført som eit felles regionalt prosjekt. Slik kan kommunane dela på kostnader og ressursbruk, og samstundes stå sterkare i utviklinga av Hardanger som berekraftig reisemål.

Saksutgreiinga er førebudd av Visit Hardangerfjord og sendt til kvar av dei fire kommunane for politisk behandling.

Vurderingar:

Hardangerrådet IKS ser svært positivt på initiativet om å starte sertifiseringsprosessen for Hardanger som Berekraftig reisemål gjennom Innovasjon Noreg si merkeordning. Prosjektet er i tråd med kommunane si bestilling, og samsvarer med arbeidet med regional reiselivsstrategi som no er under utarbeiding.

Sertifiseringa vil gje Hardanger eit forpliktande rammeverk for berekraftig utvikling av reiselivet, med tydelege mål, indikatorar og verktøy for kontinuerleg oppfølging. Ho vil styrkje Hardanger sin posisjon nasjonalt og internasjonalt, bidra til å betre kunnskapsgrunnlaget for politiske og administrative avgjerder, og leggje til rette for betre samarbeid på tvers av kommunar, sektorar og næringsliv.

For å lukkast er det avgjerande at kvar kommune stiller med ein dedikert kontaktperson/koordinator som kan bidra til å hente inn og systematisere data, koordinere involvering av lokalsamfunn og næringsliv, og sikre forankring i kommunale planverk og interne prosessar.

Hardangerrådet vil samstundes understreke at kvar kommune sjølv må vurdere og avklare korleis slike ressursar kan prioriterast og organiserast internt i eiga verksemd. Ei tydeleg ressursavklaring lokalt vil vere avgjerande for framdrift og kvalitet i sertifiseringsarbeidet.

Hardangerrådet tilrår difor eigarkommunane å stille seg positive til prosjektet, løyve dei nødvendige midlane, og samstundes gjere interne avklaringar om ressursbruk, slik at sertifiseringsprosessen kan gjennomførast med den forankring og kvalitet som krevst.

Økonomisk konsekvens:

Som i saksframlegget



FELLES SAKSUTGREIING FOR KOMMUNANE ULLENSVANG, ULVIK, EIDFJORD OG KVAM – SERTIFISERING AV HARDANGER SOM BEREKRAFTIG REISEMÅL

Framlegg til vedtak

- 1. Eidfjord kommune sluttar seg til oppstart av sertifiseringsprosessen for Hardanger som berekraftig reisemål etter Innovasjon Noreg si merkeordning.*
- 2. Eidfjord kommune løyver kr 200 000 pr år i to år (2026–2027) til sertifiseringsprosessen.*
- 3. Eidfjord kommune forpliktar seg til å stille med ein dedikert ressurs som kontaktperson og koordinator for sertifiseringsprosessen, med ansvar for å samle inn og formidle relevant informasjon frå kommunen til prosjektleiinga.*
- 4. Kommunedirektøren får fullmakt til å inngå samarbeidsavtale med dei andre Hardanger-kommunane og Visit Hardangerfjord om gjennomføring av prosjektet.*

Bakgrunn

Hardanger har ein posisjon som få andre reisemål i Noreg kan måle seg med – ei merkevare som tiltrekk gjester frå heile verda og gir store moglegheiter for verdiskaping, arbeidsplassar og levande lokalsamfunn.

Denne posisjonen gir eit tydeleg konkurransefortrinn, men også eit ansvar for å sikre at utviklinga skjer på ein måte som tek vare på natur, kulturarv og innbyggjarane sine interesser. Ubalansert vekst kan føre til press på infrastruktur, naturressursar og lokalsamfunn, medan styrt utvikling gir rom for både økonomisk vekst, trivsel og bevaring av verdiane Hardanger er kjent for.

Per i dag er Hardanger ein av få større destinasjonar i landet utan sertifisering som Berekraftig reisemål. Sertifiseringa er meir enn eit kvalitetsstempel – det er eit anerkjent styringsverktøy frå Innovasjon Noreg som gir felles mål, tydelege indikatorar og eit system for kontinuerleg oppfølging og forbetring.

Som ein av dei siste store destinasjonane som går inn i sertifiseringsordninga, kan Hardanger dra nytte av erfaringane til andre reisemål og bygge vidare på metodar og løysingar vi veit fungerer.



Sertifiseringsprosessen blir sett i gang etter ynske frå kommunane i Hardanger, som har bede Visit Hardangerfjord ta initiativ til arbeidet. Prosjektet er såleis eit svar på ei felles bestilling og er forankra gjennom dialog med eigarkommunane.

Formål

Sertifiseringa skal gi Hardanger eit felles og forpliktande rammeverk for styrt utvikling av reiselivet, der alle kommunane arbeider mot same mål og prioriteringar. Der strategien gir retning og prioriteringar, gir sertifiseringa verktøya og strukturen for å følgje dei opp i praksis. Ho etablerer ein struktur for planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak som sikrar at vekst skjer på ein berekraftig måte – til gagn for innbyggjarar, næringsliv, natur og kulturarv.

Formålet er å:

- **Gi eit felles rammeverk og verktøy** – slik at kommunar, næringsliv og lokalsamfunn kan arbeide samla, med tydeleg rollefordeling og felles prioriteringar som gir gjennomføringsevne.
- **Bygge opp eit felles kunnskapsgrunnlag** – gjennom innsamling og analyse av data om miljø, samfunn, økonomi og gjestestrømmar, slik at politiske og administrative avgjerder blir tekne på eit oppdatert og solid grunnlag.
- **Skape føreseielege rammer for næringslivet** – med langsiktige mål og prioriteringar som gjer det tryggare å investere, utvikle nye produkt og satse på heilårsdrift.
- **Dokumentere innsats og resultat** – for å synleggjere framgang over tid, vise effekt av offentlege og private investeringar, og styrke Hardanger sitt omdøme som ein føregangsregion for berekraftig reisemålsutvikling nasjonalt og internasjonalt.

Alle desse punkta vert operasjonaliserte gjennom sertifiseringssystemet frå Innovasjon Noreg, som stiller tydelege krav, gir målbare indikatorar og sikrar kontinuerleg forbetring.



Samspel med regional reiselivsstrategi

Hardanger er i gang med å utarbeide ein regional reiselivsstrategi som set mål, prioriteringar og retning for utviklinga dei neste åra. Strategien er **kartet** – han viser kvar vi vil og kva retning vi skal halde. Sertifiseringa er **kompasset og målesystemet** som sikrar at vi faktisk kjem dit.

Hovudprosjektet for reiselivsstrategien har åtte prioriterte hovudaktivitetar (HA1–HA8), der fleire overlappar direkte med sertifiseringsprosessen:

- **HA6 – Besøksforvaltning:** Kartlegging av pressområde, verktøykasse for tiltak, innbyggjarundersøkingar
- **HA7 – Organisering:** Tydeleg ansvarsdeling mellom kommunar, Visit Hardangerfjord, Hardangerrådet og næringsliv
- **HA1 – Mål og KPI-ar:** Sertifiseringa vil definere og følgje opp indikatorar for berekraft
- **HA2–HA3 – Strategiske grep og utvikling av heilårsattraksjonar:** Tiltak frå sertifiseringsprosessen vil styrke gjennomføringsevna

Når sertifiseringsprosessen startar i 2026, vil arbeidet med reiselivsstrategien allereie vere godt i gang. Ved å køyre prosjekta parallelt oppnår vi:

- Effektiv bruk av ressursar gjennom felles prosjektleiing og delvis same medverknadsarenaer
- God koordinering av data- og kunnskapsgrunnlag
- Samordna kommunikasjon til innbyggjarar, næringsliv og gjester
- Styrkt politisk forankring ved at begge prosessane byggjer på felles mål, prioriteringar og vedtak

Dette får kommunen igjen for å delta

Gjennom sertifiseringsprosessen får kommunen eit forpliktande styringsverktøy som kombinerer langsiktig planlegging med konkrete, målbare tiltak. Ho sikrar påverknadskraft på prioriteringar og investeringar som gjeld heile Hardanger, og gir eit solid kunnskapsgrunnlag som styrkar søknader om ekstern finansiering til infrastruktur, besøksforvaltning og produktutvikling.

Sertifiseringa styrkar kommunen sitt omdøme nasjonalt og internasjonalt som ein aktiv bidragsytar til berekraftig utvikling, og bidreg til å sikre konkurransekrafta til Hardanger som reisemål på lang sikt. At vi gjennomfører prosessen samla for fire kommunar, gir effektiv bruk av ressursar og eit tydelegare samla avtrykk både i



marknaden og i politiske prosessar. Strategien legg til rette for betre samarbeid på tvers av sektorar og kommunegrenser, og gir politisk handlingsrom til å møte både vekst og utfordringar i reiselivet.

Organisering

Prosjekteigar: Visit Hardangerfjord på vegne av Ullensvang, Ulvik, Eidfjord og Kvam.

Styringsgruppe: Éin representant frå kvar kommune + representantar frå reiselivsnæringa.

Prosjektleiing: Operativ prosjektleiing vert ivareteken gjennom Visit Hardangerfjord, med ansvarleg prosjektleiing i tett samarbeid med godkjent prosessvegleiar frå Innovasjon Noreg

Medverknad: Lokale verkstader, opne møte, gjeste- og innbyggjarundersøkingar, næringsdialog.

Kommunal ressursforplikting: Kvar deltakarkommune skal stille med ein dedikert ressurs som fungerer som kontaktperson og koordinator for sertifiseringsprosessen lokalt. Denne personen skal bidra med å hente inn nødvendig informasjon, koordinere involvering av relevante fagavdelingar, og sikre at kommunen sine data og dokumentasjon for indikatorane vert levert innan fristar. Rolla krev lokalkunnskap og tilgang til interne system og planverk, og er avgjerande for å sikre effektiv framdrift i prosjektet.



Framdriftsplan

- **Vår 2026:** Oppstart og forankring, etablering av styringsgruppe og kommunekoordinatorar, gjennomgang av prosess og krav.
- **Sommar–haust 2026:** Kartlegging og dokumentasjonsinnhenting for indikatorar, gjeste- og innbyggjarundersøkingar, innsamling av eksisterande planer og rapportar. Vinter 2026/27: Analyse av datagrunnlag, utarbeiding og politisk forankring av sertifiseringsplan med prioriterte tiltak.
- **Vår–haust 2027:** Gjennomføring av tiltak frå sertifiseringsplanen, oppfølging av indikatorar, årleg rapportering.
- **Vinter 2027/28:** Intern kvalitetssikring og førebuing til revisjon.
- **Vår 2028:** Ekstern revisjon og tildeling av merke for Berekraftig reisemål.

Kostnader og finansiering

Prosjektet har ein total kostnadsramme på 3,6 millionar kroner over to år, tilsvarende 1,8 millionar kroner per år. Midlane skal dekke prosjektleiing, datainnhenting og analyser, gjeste- og innbyggjarundersøkingar, dialogmøte og workshops, samt planlegging og oppstart av tiltak frå sertifiseringsplanen.

Kommunane sitt økonomiske bidrag er ein føresetnad for å kunne gjennomføre sertifiseringsprosessen. Utan dette bidraget vil det ikkje vere mogleg å sikre finansiering frå Innovasjon Noreg og dei andre partnarane, og prosjektet kan ikkje setjast i gang.

Finansieringa er budsjettert med brei forankring frå både offentlege og private kjelder. Innovasjon Noreg bidreg med 1,2 millionar kroner, medan kommunane Eidfjord, Ulvik, Kvam og Ullensvang, og Visit Hardangerfjord bidreg med like store beløp fordelt over prosjektperioden. I tillegg vert det søkt om støtte gjennom andre tilskotsordningar

Prosjektbudsjettet er utforma i tråd med Innovasjon Noreg sine krav om at støtte kan utgjere inntil 75 % av totale kostnader. Med den føreslåtte fordelinga av finansiering ligg eigeninnsatsen frå kommunar og andre partnarar på eit nivå som sikrar både brei forankring og kravoppfylling



BUDSJETT 2026 - 2027

Post	Totalt	Pr år
Prosjektleiing 2 år	2 600 000	1 300 000
Reiseutgifter	100 000	50 000
Undersøkingar, analyser	620 000	310 000
Møter og workshop	40 000	20 000
Kommunikasjon	150 000	75 000
Kontrollør	110 000	55 000
Totalt	3 620 000	1 810 000

FINANSIERINGSPLAN 2026 - 2027

Kjelde	Totalt	Pr år
Innovasjon Noreg	1 200 000	600 000
Eidfjord kommune	400 000	200 000
Ulvik kommune	400 000	200 000
Kvam kommune	400 000	200 000
Ullensvang kommune	400 000	200 000
Visit Hardangerfjord	420 000	210 000
Andre tilskotsordningar	400 000	200 000
Totalt	3 620 000	1 810 000



Vegen vidare – koordinering og framtidig finansiering

Sertifiseringa av Hardanger som Berekraftig reisemål skal vere starten på eit langsiktig samarbeid om å utvikle regionen samla. Når sertifiseringa er oppnådd, er neste steg å etablere ei tydeleg koordinerande rolle som held retninga, prioriterer felles tiltak og sørgjer for at ressursane blir nytta strategisk på tvers av kommunane.

Denne funksjonen ligg utanfor finansieringa som blir søkt om no, og vil krevje ny avtale og ny finansiering etter prosjektperioden.

Frå 2025 gir ny lov om besøksbidrag høve til å innføre ei overnattingsavgift på inntil 3 % av pris eks. mva. Inntektene skal gå til reiselivsrelaterte fellesgode innan natur, infrastruktur og tenester. Brukt koordinert på regionalt nivå kan dette bli eit viktig verkemiddel for både drift og utvikling av reiselivet i Hardanger.

Aktuelle satsingar kan vere:

- **Infrastruktur og vedlikehald:** stiar, toalett, parkering, snørydding, avfallshandtering, belysning og tryggleik
- **Mobilitet:** shuttle-tilbod, styrka kollektivruter, vinterregularitet, båttransport i fjorden
- **Produktutvikling:** heilårsprodukt, kapasitetssystem, kompetanse for vertskap.
- **Marknadsutvikling:** felles marknadsføring
- **Kunnskapsgrunnlag:** målesystem for gjestedøgn, belegg, prisnivå og gjestetilfredsheit

Ein koordinatorfunksjon, finansiert i fellesskap og delvis gjennom besøksbidraget, kan bli nøkkelen til å følgje opp sertifiseringa med konkrete resultat. Stillinga kan kombinere ansvar for remerking med koordinering av besøksforvaltningstiltak og oppfølging av det regionale handlingsprogrammet – til fordel for både lokalsamfunn, næringsliv og besøkande.



Vurdering og konklusjon

Sertifiseringa er eit strategisk val som vil forplikte Hardanger til koordinert og målretta utvikling av reiselivet. Med ein felles koordinator kan vi sikre gjennomføring av besøksforvaltningstiltak, remerking og større strukturelle løysingar som ingen enkeltkommune kan handtere åleine.

Vi står no i ein situasjon der både politisk vilje, forankring og nasjonale verkemiddel er på plass – og det gir oss eit handlingsrom vi ikkje bør miste. Ved å starte prosessen no kan Hardanger ta ein leiande posisjon innan berekraftig reisemålsutvikling i Noreg – og sikre langsiktig verdiskaping, arbeidsplassar og levande lokalsamfunn til glede for dagens og framtidige generasjonar.

Oppsummering

Sertifisering som Berekraftig reisemål vil gi Hardanger eit felles styringsverktøy, tydelege mål og målbare tiltak for å utvikle reiselivet på ein berekraftig måte. Prosessen vil styrke samarbeidet mellom kommunane, sikre betre kunnskapsgrunnlag og legge til rette for målretta investeringar som gir varige verdiar.

Med kommunane sitt bidrag no kan vi starte sertifiseringsprosessen i 2026 og ta eit samla steg mot å posisjonere Hardanger som ein føregangsregion for berekraftig reisemålsutvikling. Strategien set kursen – sertifiseringa sikrar at vi held han, og at vi kan dokumentere framgangen.

Visit Hardangerfjord søker Eidfjord kommune om kr 200 000 per år i to år (2026–2027) for å gjennomføre sertifisering av Hardanger som Berekraftig reisemål.



Til Eidfjord kommune

v/Kommunalsjef for kultur, næring og bærekraft

Lisbeth Bygstad Celik

Norheimsund 15.08.2025

Søknad om tilskot til sertifisering av Hardanger som berekraftig reisemål

Bakgrunn

Hardanger har ein posisjon som få andre reisemål i Noreg kan måle seg med – ei merkevare som tiltrekk gjester frå heile verda og skapar store moglegheiter for verdiskaping, arbeidsplassar og levande lokalsamfunn.

Denne posisjonen gir oss eit tydeleg konkurransefortrinn, men også eit ansvar for å sikre at utviklinga skjer på ein måte som tek vare på natur, kulturarv og innbyggjarane sine interesser. Ubalansert vekst kan føre til press på infrastruktur, naturressursar og lokalsamfunn, medan styrt utvikling gir rom for både økonomisk vekst, trivsel og bevaring av verdiane Hardanger er kjent for.

Per i dag er Hardanger ein av få større destinasjonar i landet utan sertifisering som Berekraftig reisemål. Denne sertifiseringa er meir enn eit kvalitetsstempel – det er eit anerkjent styringsverktøy frå Innovasjon Noreg som gir oss felles mål, tydelege indikatorar og eit system for kontinuerleg oppfølging og forbetring.

Sertifiseringsprosessen blir sett i gang etter ynske frå kommunane i Hardanger, som har bede Visit Hardangerfjord ta initiativ til arbeidet. Prosjektet er såleis eit svar på ei felles bestilling og er forankra gjennom dialog med eigarkommunane.

Om Merket for Berekraftig reisemål

Merket for Berekraftig reisemål gir eit forpliktande rammeverk for å styre reiselivet i ei berekraftig retning. Ordninga stiller krav til dokumenterte tiltak og resultat innan miljø, kultur, samfunn og økonomi, og omfattar heile reisemålet – ikkje berre reiselivsnæringa.

For å bli sertifisert må vi svare ut eit omfattande sett indikatorar basert på statistikk, planverk og lokale prosessar. Arbeidet omfattar:

- Kartlegging av dagens situasjon
- Involvering av næringsliv, innbyggjarar og besøkjande



- Planlegging og gjennomføring av konkrete tiltak
- Oppfølging og remerking kvart tredje år

Hovudtema i indikatorane:

- **Miljø og klima:** utslepp, ressursforbruk, avfall, naturmangfald, klimatilpassing
- **Kultur og identitet:** vern og formidling av kulturarv, støtte til lokale tradisjonar og uttrykk
- **Samfunn:** lokal verdiskaping, sysselsetting, innbyggjarinvolvering, tilgang til tenester
- **Økonomi:** heilårsdrift, lønsemd, lokal verdiskaping
- **Styring og forankring:** planverk, politiske prioriteringar, offentleg–privat samarbeid

Som ein av dei siste større destinasjonane i Noreg som går inn i sertifiseringsprosessen, har Hardanger eit særleg utgangspunkt for å lære av andre. Vi kan nytte erfaringar, metodar og dokumentasjon frå reisemål som allereie er sertifiserte, og slik gjennomføre benchmarking og ta i bruk beste praksis. Dette gir oss høve til å effektivisere prosessen, unngå tidkrevande feilskjær og sikre at tiltaka vi vel har dokumentert effekt andre stader.

Frå plan til handling – samspel mellom strategi og sertifisering

Hardanger er i gang med å utarbeide ein regional reiselivsstrategi som fastset mål, prioriteringar og retning for utviklinga dei neste åra. Strategien er **kartet** – han viser kvar vi vil og kva retning vi skal halde.

Sertifiseringa er **kompasset og målesystemet** som sikrar at vi faktisk kjem dit. Ho gjer strategien operasjonell gjennom konkrete tiltak, målbare indikatorar og eit system for rapportering, evaluering og kontinuerleg forbetring.

Utan strategi manglar vi den langsiktige retninga. Utan sertifisering manglar vi verktøya, forpliktinga og den systematiske oppfølginga som sikrar at planen blir gjennomført i praksis. Difor treng vi begge prosessane – og vi får størst effekt når dei blir gjennomført parallelt.



Dette får kommunen igjen for å delta

Gjennom sertifiseringsprosessen får kommunen eit forpliktande styringsverktøy som kombinerer langsiktig planlegging med konkrete, målbare tiltak. Ho sikrar påverknadskraft på prioriteringar og investeringar som gjeld heile Hardanger, og gir eit solid kunnskapsgrunnlag som styrkar søknader om ekstern finansiering til infrastruktur, besøksforvaltning og opplevingsutvikling.

Sertifiseringa styrkar kommunen sitt omdøme nasjonalt og internasjonalt som ein aktiv bidragsytar til berekraftig utvikling. Sertifiseringa legg til rette for betre samarbeid på tvers av sektorar og kommunegrenser, og gir politisk handlingsrom til å møte både vekst og utfordringar i reiselivet.

Formål med sertifiseringa

Sertifiseringa skal gi Hardanger eit felles og forpliktande rammeverk for styrt utvikling av reiselivet, der alle kommunane arbeider mot same mål og prioriteringar. Der strategien gir retning og prioriteringar, gir sertifiseringa verktøya og strukturen for å følge dei opp i praksis. Ho etablerer ein struktur for planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak som sikrar at vekst skjer på ein berekraftig måte – til gagn for innbyggjarar, næringsliv, natur og kulturarv.

Formålet er å:

- **Gi eit felles rammeverk og verktøy** – slik at kommunar, næringsliv og lokalsamfunn kan arbeide samla, med tydeleg rollefordeling og felles prioriteringar som gir gjennomføringsevne.
- **Bygge opp eit felles kunnskapsgrunnlag** – gjennom innsamling og analyse av data om miljø, samfunn, økonomi og gjestestrømmar, slik at politiske og administrative avgjerder blir tekne på eit oppdatert og solid grunnlag.
- **Skape føreseielege rammer for næringslivet** – med langsiktige mål og prioriteringar som gjer det tryggare å investere, utvikle nye produkt og satse på heilårsdrift.
- **Dokumentere innsats og resultat** – for å synleggjere framgang over tid, vise effekt av offentlege og private investeringar, og styrke Hardanger sitt omdøme som ein føregangsregion for berekraftig reisemålsutvikling nasjonalt og internasjonalt.



Alle desse punkta blir operasjonaliserte gjennom sertifiseringssystemet frå Innovasjon Noreg, som stiller tydelege krav, gir målbare indikatorar og sikrar kontinuerleg forbetring.

Forpliktelsar for kommunane

For å sikre framdrift og kvalitet i sertifiseringsprosessen må kvar kommune stille med ein dedikert kontaktperson/koordinator. Denne rolla er avgjerande for at kommunen sitt bidrag blir levert til rett tid og med rett kvalitet, og for at sertifiseringsarbeidet blir godt forankra i organisasjonen.

Hovudoppgåver:

- Innhente og systematisere data og dokumentasjon frå kommunen sine fagavdelingar
- Svare ut indikatorar i sertifiseringsordninga
- Koordinere involvering av lokalsamfunn, næringsliv og andre relevante aktørar
- Delta i styringsgruppe og arbeidsmøte for å sikre forankring og framdrift

Ressursbehov – estimat:

- **Oppstartfase:** 40–60 timar fordelt over nokre månader
- **Årleg oppdatering og rapportering:** 20–30 timar
- **Møteverksemd:** 4–6 møte i året

Dette estimatet er basert på erfaring frå andre reisemål. Omfanget kan variere frå kommune til kommune og frå år til år. Vi veit enno ikkje kor omfattande dette arbeidet vil bli for Hardanger, og dette vil først bli meir avklart når prosessen er i gang og vi har oversikt over datagrunnlag og behov.

Verdien for kommunen:

- Betre styring og prioritering av reiselivsrelaterte tiltak
- Betre kunnskapsgrunnlag for politiske og administrative avgjerder
- Styrka samarbeid med næringslivet og dei andre Hardanger-kommunane
- Bidrag til å sikre at strategien for reiselivet blir omsett til konkrete, målbare resultat



Vidareføring etter sertifisering

Sertifiseringa er ikkje eit mål i seg sjølv, men starten på eit langsiktig samarbeid for å styrke Hardanger som berekraftig reisemålsregion. **Denne søknaden gjeld finansiering av førstegongs sertifisering i perioden 2026–2027.**

Neste trinn, etter oppnådd sertifisering, vil vere å etablere ein felles koordinatorfunksjon for Hardanger som kan:

- Følgje opp remerking og sertifiseringsplan
- Koordinere prioriterte besøksforvaltningstiltak
- Sikre framdrift i det regionale handlingsprogrammet for reiselivet

Koordinatorfunksjonen er ein langsiktig satsing som vil krevje ny finansiering, der eit framtidig besøksbidrag, kombinert med kommunal og regional medfinansiering, kan bli ein del av løysinga. Erfaring frå andre reisemål viser at ei slik rolle gir varige resultat og styrkar evna til å gjennomføre større, strukturelle tiltak.

Finansiering

Denne søknaden gjeld finansiering av sertifiseringsprosessen i perioden 2026–2027. Prosjektet har ein total kostnadsramme på **3,6 millionar kroner over to år**, tilsvarande 1,8 millionar kroner per år.

Midlane skal dekke:

- Prosjektleiing og koordinering
- Datainnsamling og analyser
- Gjeste- og innbyggjarundersøkingar
- Dialogmøte og workshops
- Planlegging og oppstart av tiltak frå sertifiseringsplanen

Kommunane sitt økonomiske bidrag er ein føresetnad for å kunne gjennomføre sertifiseringsprosessen. Utan dette bidraget vil det ikkje vere mogleg å sikre finansiering frå Innovasjon Noreg og dei andre partnarane, og prosjektet kan ikkje setjast i gang.



Føreslått finansieringsplan:

- Innovasjon Noreg: 1,2 mill. kr
- Kommunane Eidfjord, Ulvik, Kvam og Ullensvang: kr 200 000 per år i to år kvar
- Visit Hardangerfjord: kr 210 000 pr år i to år.
- Søknad om tilskotsordningar: Kr 200 000 pr år i to år.

Finansieringsmodellen er utforma i tråd med Innovasjon Noreg sine krav om at offentleg støtte kan utgjere inntil 75 % av prosjektkostnadene. Eigeninnsatsen frå kommunar og andre partnarar sikrar både kravoppfylling og brei forankring.

Oppsummering

Sertifisering som Berekraftig reisemål vil gi Hardanger eit felles styringsverktøy, tydelege mål og målbare tiltak for å utvikle reiselivet på ein berekraftig måte. Prosessen vil styrke samarbeidet mellom kommunane, sikre betre kunnskapsgrunnlag og legge til rette for målretta investeringar som gir varige verdier.

Med kommunane sitt bidrag no kan vi starte sertifiseringsprosessen i 2026 og ta eit samla steg mot å posisjonere Hardanger som ein føregangsregion for berekraftig reisemålsutvikling. Strategien set kursen – sertifiseringa sikrar at vi held han, og at vi kan dokumentere framgangen.

Visit Hardangerfjord søker Eidfjord kommune om kr 200 000 per år i to år (2026–2027) for å gjennomføre sertifisering av Hardanger som Berekraftig reisemål.



Hardanger

Møtedato 11.09.2025

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

RF-sak 30/25

Felles besøksbidrag i Hardanger

Framlegg til vedtak:

- Rådmannsforum foreslår at dei fire Hardangerkommunane samarbeider om innføring av besøksbidrag med felles sats og plan for bruk av midlane.
- Rådmannsforum ber alle kommunane gjera felles vedtek om å sette av dedikerte ressurser til utarbeiding og implementering av felles regional besøksbidragordning i Hardanger i tråd med lova.
- Arbeidet skal så langt det er mogleg ta utgangspunkt i høyringssvar frå Hardangerrådet den 12.12.2024
- Kommunane må setje av ressursar i budsjettbehandlingane for 2026

Saksvedlegg:

Vedlegg 1: [Ny lov om besøksbidrag, pressemelding frå Regjeringen 20.06.25](#)

Vedlegg 2. Høyringssvar frå Hardangerrådet vedrørande forslag til lov om besøksbidrag.

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

[Vedtak til lov om besøksbidrag av 20.juni 2025](#)

Saksutgreiing

Bakgrunn

Besøksbidragslova vart vedteken 5. juni 2025 og sanksjonert av Kongen 20. juni 2025. Lova er frivillig for kommunane, men gjev moglegheit til å innføra avgift på overnattingar under 30 dagar. Inntektene skal nyttast til reiselivsrelaterte fellesgoder.

Besøksbidragslova gjev kommunar med høg turistbelasting heimel til å innføre ei avgift på overnattingar. Avgifta kan setjast til inntil 3 %, og skal nyttast til å finansiera fellesgode knytt til reiseliv.

Hardangerrådet sendte den 12.12.2024 følgjande høyringsuttale til Nærings- og fiskeridepartementet.

- Det må vera rom for sesongdifferansiering i lova.
- Det må kunne setjast eit tak pr døgn ved prosentbasert takst. Kommunane skal også kunna velga flat takst.
- Besøksbidrag skal vera eit verktøy for besøksforvaltning. Slik lova er formulert i forslaget er den ikkje det.
- Kommunane må få lov til å krevja besøksbidrag frå alle turistar. Då kan det vera eit bidrag til trafikkstyring og besøkforvaltning.

Team Hardanger er samde i at det bør vera eit regionprosjekt og at % satsane bør vera lik i heile regionen og at kvar kommune ikkje skal arbeide med dette aleine.

I henhald til Visit Hardangerfjord sitt arbeid med reiselivstrategien og berekraftig reiseliv bør Hardangerkommunane starte diskusjonen kring besøksbidrag i regionen. Midlane skal øyremerkast tiltak som styrkjer infrastruktur, forvaltning av natur og kultur, samt betre opplevinga for både gjester og fastbuande.

Hardanger er ein reiselivsregion med stor pågang, som gjev betydeleg slitasje på infrastruktur, natur og kommunale tenester.

Kommunane har i dag avgrensa midlar til å handtera dette utan å belasta fastbuande med høgare skattar og avgifter, og bør søkja om innføra ei slik avgift. Avgifta bør vera eins for alle kommunane i Hardanger.

Formål med besøksbidrag

- Finansiera vedlikehald og utbygging av stiar, toalett, renovasjon, informasjonspunkt og anna infrastruktur.
- Redusera belastning på natur og lokalsamfunn ved betre besøksstyring.
- Sikra at kostnader frå turisme i større grad vert dekkja av dei som nyttar tenestene.

Kommunane bør utarbeida ein felles plan som skal:

- Prioritera fellesgode ut frå behov og besøksmønster.
- Sikra open medverknad frå næringslivet, frivillige og innbyggjarar.
- Synleggjera for gjester korleis avgifta vert nytta.

Eksempel på tiltak:

- Oppgradering av offentlege toalett ved populære turmål.
- Forsterking av merking og vedlikehald av turstiar.
- Forbetring av avfallshandtering i høgsesong.
- Produksjon av informasjonsmateriell og digitale løysingar for besøksstyring.

Økonomiske konsekvensar

Kommunane er ansvarlege for kontroll og oppfølging.

Kostnad med implementering og drift av ordninga har ein pr i dag ikkje tal på.

Inntjeningsmodell;

(Tal kommersielle overnattingar i avgiftsmånader) × (gj.sn. pris ekskl. mva) × **0,03**.

Ordninga må innførast i tråd med besøksbidragslova og tilhøyrande forskrifter.

Til
Nærings- og fiskeridepartementet
<https://www.regjeringen.no/id3073098>

Høyringsvar frå Hardangerrådet vedrørende forslag til lov om besøksbidrag.

Hardangerkommunane ønskjer besøksbidrag velkoment, men vil påpeika ulike moment som bør korrigerast før lova vert vedteken.

Me meiner også at den korte svarfristen er uheldig for gode demokratiske prosessar i kommunane, som det burde vore tid og anledning til med eit så viktig tema.

Desse momenta er viktig for våre kommunar og me ber dykk endra forslaget med punkta under:

- Det må vera rom for sesongdifferansiering i lova.
- Det må kunne settjast eit tak pr døgn ved prosentbasert takst. Kommunane skal også kunna velga flat takst.
- Besøksbidrag skal vera eit verktøy for besøksforvaltning. Slik lova er formulert i forsalget er den ikkje det.
- Kommunane må få lov til å kreva besøksbidrag frå alle turistar. Då kan det vera eit bidrag til trafikkstyring og besøkforvaltning.

Kinsarvik 12.12.2024


Med fruktbar helsing
frå Hardangerrådet

Timo Knoch
ordfører Eidfjord kommune
rådsordfører Hardangerrådet

Torgeir Næss
ordfører Kvam herad

Roald Aga Haug
ordfører Ullensvang kommune

Jens Olav Holven
ordfører Ulvik herad





Hardanger

Møtedato 11.09.2025

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

RF sak 31/25

Skjønsmidler 2026

Framlegg til vedtak:

Rådmannsforum tek informasjonen til vitande.

Bakgrunn for saka:

Statsforvaltaren vil tildele skjønsmidler til fornying og innovasjon (prosjektskjøn) i kommunane, og inviterar med dette kommunane til å søkje skjønsmidler for 2026.

Statforvaltar ønskjer prosjekt med sikte på økonomisk berekraft og omstillingsarbeid i kommunane i 2026.

Kommunane kan for 2026 særleg vurdere følgjande søknadsføre mål:

- Kommunale tenester til helse og omsorg
- Kommunale tenester til barnehage og skule
- Kommunal tenesteutvikling for utsette barn og unge
- Interkommunalt planarbeid
- Samfunnstryggleik og beredskap
- Klima- og miljøutfordringar
- Økonomisk berekraft og omstillingsarbeid

Kommunane kan også søkje om midlar til andre føremål innafor sine tenesteområde.

Saksvedlegg:

Vedlegg 1: Brev frå statsforvaltaren om skjønsmidler i 2026 av 21.08.2025

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/kommunal-styring/kommunal-fornyng/skjønsmidler-til-fornyng-og-innovasjon-for-2026/>

Saksutgreiing

Statsforvaltaren set av ein del av skjønnsmidlane til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane. Føremålet er å gi kommunane støtte til å prøve ut nye løysingar for å gjere tenestene betre for innbyggjarane, og stimulere kommunane til å jobbe med fornying og innovasjon.

Det er kun kommunane som kan søkja på skjønnsmidlar, og fellesprosjekt må såleis ha ein vertsskapskommune.

Hardangerrådet ønskjer å få svar på om kommunane har prosjekt i emning som ein kan samarbeida om og soleis hente ut meir midlar til prosjektet.

Forslag til fellesprosjekt:

“Kompetanseheving innan mat og helse for lærarar og barnehagelærarar i Hardanger”

Dette kan verta ein aktuell søknad til skjønsmidlar 2026.

Det har vore eit ide- og bli kjent med kva som skjer møte 27.06.2025. Ideen til møtet kom frå lokalt engasjement og [Norsk Smaksskule](#), eit prosjekt under Norsk Kulturarv leia av Arne Brimi m fl. Dei har utvikla kurs til slik formidling, og vil gjerne tilby sin kompetanse til oss.

Me ønskjer sterk forankring i Hardanger, og vil gjerne utvikla vårt eige, men bruka deira erfaring i oppbygging.

Eit slikt prosjekt treff på mange punkt, då kunnskap om mat er viktig, og at mangel på kunnskap er negativt for helse, utvikling og kan også føra til utenforskap.

Lokalt fokus er viktig for bærekraft, miljø og beredskap. I tillegg er det mykje å spara på god mathelse, men ein må sjå fleire budsjett i samanheng. Investering i eit budsjett kan føra til store besparelsar i eit anna på sikt. Og som bonus vil dette vera pluss i eit attraktivtetsbarometer.

Økonomisk konsekvens:

Statsforvaltaren ber om minimum 50 % eigenandel, fordelt på eigeninnsats og eigenbetaling. Det er ein kommune som står som søkjar og ansvarleg for mottteken midlar.

Felles prosjekt krev avsetning i budsjettbehandlingen for 2026



Vår dato:

21.08.2025

Vår ref:

2025/12635

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Kommunane i Vestland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Håvard Rød, 55 57 21 43

Skjønsmidlar til fornying og innovasjon (prosjektskjøn) i kommunane 2026

Statsforvaltaren vil tildele skjønsmidlar til fornying og innovasjon (prosjektskjøn) i kommunane, og inviterer med dette kommunane til å søkje om skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt for 2026. Søknadsfristen er til og med **måndag 3. november d.å.**

Om kommunane sender fleire søknader, ber vi om at kommunen set opp ei prioritering mellom sine egne søknader.

Det har i dei siste åra vore lagt til grunn ei årleg øvre ramme på kr 15,0 mill. i skjønstilskot til fornyings- og innovasjonsprosjekt i Vestland. Den faktiske årlege fordelinga av tilskot til prosjekt har vore noko lågare enn dette. I år er det fordelt kr 13,4 mill. i projektskjøn. Fordelinga av prosjekt-skjøn for 2026 må bli sett i samanheng med den totale ramma for skjønsmidlar som er gitt til Vestland for 2026.

Retningslinjer

I retningslinjene frå Kommunal- og distriktsdepartementet går det fram at projektskjønsmidlane skal bidra til fornying og utvikling i kommunane. Føremålet er å gi kommunane støtte til å prøve ut nye løysingar for å gjere tenestene betre for innbyggjarane, og få fram tiltak som kan gi grunnlag for effektivisering og innsparing. Midlane skal stimulere kommunane til å arbeide med utvikling og innovasjon. Prosjekta kan omfatte alle tenesteområda i kommunen.

Departementet har i retningslinjene presisert at det berre er kommunane sjølve som kan søkje om midlar og stå som ansvarlege for prosjekt. Kommunane kan samarbeide med andre aktørar, t.d. lokale lag og organisasjonar. Det må likevel vere kommunane sjølve som skal vere den sentrale parten i dei prosjekta som får tildelt skjønsmidlar.

Det kan bli gitt tilskot til prosjekt med føremål om å opprette nye interkommunale samarbeid, dersom samarbeidet kan bidra til meir føremålstenleg oppgåveløysing. Dette kan vere særleg



relevant i område som kommunane har store utfordringar, t.d. innafor barnevern, vikarordningar i helsetenester m.m.

Kommunane må syne til ein gjennomtenkt og realistisk prosjektplan og gjere greie for utfordringane sine. Det må bli vist til klåre målsetjingar og det kommunen ønskjer å oppnå med prosjektet. Det er ønskjeleg å syne til verkemiddel eller løysingar som skal bli prøvd ut i prosjektet.

God formidling av prosjekta som får tildelt midlar er viktig, også for å syne det som blir oppnådd av nasjonale mål og føringar. Informasjon blir også lagt ut på Statsforvaltaren sine heimesider.

Alle søknader som må handsamast etter forsøkslova, vil bli oversende til departementet.

Aktuelle føremål i 2026

Statsforvaltaren ønskjer å stimulere kommunane til prosessar innan og mellom kommunar for å kunne utvikle tenestetilbodet, bruke ny teknologi og få betre økonomi i drifta.

Vi vil vidareføre dei fleste søknadsføremåla frå 2025 til 2026. Dessutan er prosjekt med sikte på økonomisk berekraft og omstillingsarbeid i kommunane no teke inn som eit nytt søknadsføremål for 2026. Kommunane kan for 2026 særleg vurdere følgjande søknadsføremål:

- Kommunale tenester til helse og omsorg
- Kommunale tenester til barnehage og skule
- Kommunal tenesteutvikling for utsette barn og unge
- Interkommunalt planarbeid
- Samfunnstryggleik og beredskap
- Klima- og miljøutfordringar
- Økonomisk berekraft og omstillingsarbeid

Kommunane kan også søkje om midlar til andre føremål innafor sine tenestemråde.

Prioritering av prosjektsøknader

Vi legg i vurderinga av prosjektsøknadene vekt på:

- det er samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar, mellom anna for at prosjektmidlane skal få større nedslagsfelt og gi betre læringseffekt
- prosjekt bør gi klåre kvalitetsforbetringar eller effektiviseringsgevinstar
- prosjekt skal bidra til reell fornying
- prioritere konkrete gjennomføringsprosjekt framfor utgreiingsprosjekt
- prioritere prosjekt med minst 50 prosent kommunal eigenfinansiering
- prosjekt har overføringsverdi til andre kommunar

Det blir ikkje gitt prosjektskjøn til følgjande oppgåver/tiltak:

- utføring av ordinære driftsoppgåver
- ordinær gjennomgang av kommunal organisering
- kjøp av utstyr
- næringsutviklingsprosjekt, då tilskot til dette kan bidra til uklår ansvarsfordeling mellom statsforvaltaren og fylkeskommunen



Prosess for tildeling

Kommunane kan søkje om skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt direkte til Statsforvaltaren. Som tidlegare skal det sendast søknad på eige søknadsskjema som ligg i portalen for prosjektskjøn. Denne finn du her: <https://prosjektskjonn.statsforvalteren.no>

Den i kommunen som søkjer må nytte Id-porten (til dømes bank-id) og må leggje inn person-opplysningar, e-postadresse i kommunen, rolle (søkjar), og kommune (obligatorisk). Førespurnad om godkjenning som søkjar blir send til Statsforvaltaren gjennom portalen. Når godkjenning er gitt, kan søkjar gå inn på <https://prosjektskjonn.statsforvalteren.no> og fylle ut søknad.

Søknadsperiode

Søknadsperioden for 2026 er frå måndag 1. september til og med måndag 3. november d.å.

Dei interkommunale politiske råda kan uttale seg til søknadene dersom dei ønskjer det. Vi må bli kontakta om dette på førehand slik at søknadene kan bli gjort tilgjengelege for råda. Råda avgjer sjølve om dei vil kome med framlegg til prioritering mellom søknader eller berre uttale seg generelt. KS vil få høve til å uttale seg om søknadene i møte med Statsforvaltaren.

Det er også gitt generell informasjon om skjønsmidlar til fornying og innovasjon på våre heimesider under Kommunal styring.

Rapportering

Rapportering for prosjektskjøn for 2025 må gjerast i same portalen:

<https://prosjektskjonn.statsforvalteren.no> Frist for rapportering for 2025 er 1. februar 2026.

For rapportering av prosjektskjøn for 2026 er frist førebels 1. februar 2027.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
assisterande statsforvaltar

Synnøve Stalheim
direktør

Dersom det er spørsmål til innhaldet i brevet, kan kommunane ta kontakt med Marit Lunde (57643005), Håvard Rød (55572143), Edvard Høgestøl (55572045) eller Ingunn Broch Hauge (57643020) hjå Statsforvaltaren, eventuelt på e-post.

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

frode.kyrkjebo@ks.no

Adresseliste til dei interkommunale politiske råda:

Region Nordhordland IKS, Kvassnesvegen 23, 5914 Isdalstø

e-post: post@regionnordhordland.no

Hardangerrådet, Postboks 78, 5782 Kinsarvik

e-post: post@hardangerraadet.no

Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Postboks 444, 5403 Stord

e-post: firmapost@samarbeidsraadet-sunnhordland.no

Sognarådet, Gravensteinsgata 17, Pb. 153, 6851 Sogndal

e-post: postmottak@sogndal.kommune.no

Nordfjorderådet, Pb. 294, 6701 Måløy

e-post: post@kinn.kommune.no